

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 19.11.2015  
Vår ref.: 2015/10280-5  
Saksbehandlar: heihand  
Dykkar ref.: «REF»

## **fv 555 Kolltveit - Austefjorden - oversending av kostnadsoverslag for arkeologisk registrering**

Vi viser til varsla oppstart av reguleringsplan ny fv 555 Kolltveit-Austefjorden i Fjell og Sund kommunar, datert 08.10.15, samt vår uttale til planoppstart datert 18.11.15. I nemnte brev varsla vi at det er naudsynt med ei arkeologisk registrering i planområdet med heimel i §§ 9 og 10 i kulturminnelova for å ta stilling til planen sin verknad på automatisk freda kulturminne. Vedlagt er kostnadsoverslag for registrering.

Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vere ein føremon for tiltakshavar å klarleggje spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Jfr. Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, jfr. § 10, må kostnadene ved registreringa dekkast av tiltakshavar. Dersom det er ynskjeleg med ei arkeologisk undersøking før planen kjem til offentleg ettersyn, ber vi om skriftleg godkjenning av kostnadsoverslaget med signatur frå ansvarleg tiltakshavar, samt informasjon om fakturaadresse og organisasjonsnummer/personnummer.

På bakgrunn av tidlegare kjende automatisk freda kulturminne i og nær planområdet, samt topografiske høve og høgde over havet, har delar av planområdet høgt potensiale for ytterlegare funn av automatisk freda kulturminne frå steinalder og seinare førhistoriske periodar. Budsjettet tek høgde for eit høgt omfang nye funn og tid til naudsynt avgrensing, dokumentasjon, og etterarbeid. Dersom funnmengda skulle vise seg å overstige estimert arbeidsomfang, vil vi gi melding om dette så snart som råd. Vi gjer for ordens skuld merksam på at tiltakshavar berre blir fakturert for medgått tid.

Arkeologiske registreringar er lettast gjennomførbare i sommarhalvåret. Registreringa vil i dette tilfellet blir utført ved overflateregistrering, prøvestikking med spade og i dyrka mark sjakting med gravemaskin. Vidare kan søk med metalldetektor vere aktuelt i mindre delar av planområdet. Dersom det føreligg meir detaljerte teikningar/skisser over planlagt arealbruk i planen, ber vi om å få desse tilsendt slik at vi kan ta stilling til metodisk tilnærming i dei ulike delane av planområdet.

Vi gjer merksam på at dersom § 9-registrering skulle påvise automatisk freda kulturminne i konflikt med planen, må denne reviderast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren for dispensasjonshandsaming etter kulturminnelova. Dispensasjonshandsaming føreset at Hordaland fylkeskommune kan seie seg samd i arealbruken i planen.

Vi minner om at Bergens Sjøfartsmuseum har varsla marinarknologisk registrering i planområdet etter kml §§ 9,10 og 14. Sjøfartsmuseet vil ta stilling til registreringsomfang når det føreligg framlegg til arealbruk i planen. Vi viser elles til vårt brev datert 18.11.15 for øvrige innspel til planarbeidet.

Med helsing

Elisabeth Bjørsvik  
fung. fylkeskonservator

Heidi Handeland  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Statens vegvesen - Region Vest

Vedlegg: Kostnadsoverslag arkeologisk registrering